



Vigra kringkaster: Leiar i venneforeninga, Jon Hildre (t.v.) vil bevare bygningene som museum. Til venstre ser vi toppen som var på masta i før høgden blei tatt ned med 15 meter (i 1997). Her saman med nabo til stasjonen, Kjetil Synnes. Foto: Staale Wattø

Fekk ei avgjerande rolle under åttaket på Norge i april 1940:

Vigra kringkaster si heroiske veke for 80 år sidan

Mens tyske troppar strøymmer innover landet, er Vigra kringkaster den siste frie nasjonale røysta i Norge. Og Ålesund vert informasjonssenteret for eit land i krig.



- StaaleWattø
- 90154595
- sw@smp.no

- Lars IngeSkrede
- 97053282
- lis@smp.no

- **Laurdag 13. april 1940. Angrepet på Norge er i gong på femte dagen.**
- Regjering, storting og kongefamilien er på flukt. Saman med tusenvis av andre nordmenn, rundt om i landet, som på kvar sitt vis vil ta opp kampen mot inntrengarane.



Kulehol: Kulehol etter bombing og maskingevær-skyting på ein av lysstolpane på stasjonen på Synes på Vigra. Foto: Staale Wattø

Desperat situasjon for landet

Frå hovudkvarteret sitt i Gudbrandsdalen leiar kommanderande general Otto Ruge krigen frå norsk side.

Situasjonen er desperat.

Mot den mektige tyske krigsmaskina har fåtalige og dårleg utstyrte norske styrkar lite å stille opp med.

By etter by, område etter område, fell i tyskarane sine hender.

Det same gjer viktige kommunikasjonslinjer, etter kvart som okkupantane rykk fram overalt.

Fekk kontakt med London


General Ruge tilkallar den britiske etterretningsagenten Frank Foley, som er stasjonert ved den britiske legasjonen i Oslo.

Saman med sekretæren sin, Margaret Reid, har han vore på flukt sidan tyskarane slo til mot Norge, mellom anna hovudstaden.

Men Foley har fått oppretta kontakt med England.

I ei stue i skogen ved Øyer legg Ruge fram si klare melding til representanten for den britiske regjeringa:

Han står heilt utan samband med omverda. Om ikkje Storbritannia straks kjem til unnsetning med styrkar og materiell, vert dei tvungne til å legge ned våpena før dei enno har fått eit slag for å forsvare landet.



Meldingsruta: Frå general Ruge sitt hovudkvarter på Øyer, gjekk meldingane vidare via Vigra kringkastar, Wick radio i Skottland og til London. Foto: Illustrasjon: Venneforeninga til Vigra kringkastar.

Foley svarar at han vil gjere alt han kan for å hjelpe.

Han foreslår at Ruge henvend seg til statsministeren, Neville Chamberlain, og den britiske hærsjefen. Og at kommanderende admiral, som også er til stades, ber den britiske marineministeren, Winston Churchill, om assistanse.

Saman med Foley sett den norske forsvarsleiinga opp telegramma.

Sekretær Reid er ekspert på ciffersystem og kodar meldingane.

No gjeld det å få desse raskast mogleg over til London.

Heldigvis finnast det framleis éin stor radiosendar i Norge som tyskarane ikkje har fått kloa i.

Den har rekkevidde til å nå over Nordsjøen.

Svar frå den britiske statsministeren

Nødtelegramma frå den norske hærsjefen vert sendt med høgaste prioritet, på fjernskrivar frå Lillehammer telegrafstasjon til Ålesund Radio.

Derfrå sendast dei koda meldingane vidare via Vigra kringkastar til Wick radio på nordspissen av Skottland.

Meldingane når fram og det startar opp ein livlig chiffer-trafikk over Vigra-Wick.

Den 14. april tikkar det inn eit oppmuntrande svar frå den britiske statsministeren, Mr. Chamberlain:

«We shall come to your help immediately and in great strength».

Fiskeria la grunnen for Ålesund radio

I 1924 kom den første prøvesendaren for kystradio i Norge.

Den vart lagt til Ålesund, og behovet for kontakt med fiskeflåten var årsaka til det.

I 1933 fekk NRK monopol på kringkasting i Norge.

To år seinare kom det opp ein stor sendar på Vigra, som avløyste kystradioen i Ålesund. NRK sitt studio var framleis i byen.

Fiskeria var igjen årsaka til at Vigra kringkastar frå 1939 vart ein av to nasjonale stor-sendarar, på 100 kW.

Den andre låg i Stavanger.

Dekte eit enormt område

Sendaren vart lagt til Synes på Vigra. Her er jordingsforholda gunstige for radiobølger. Det er nært sjøen, og har myrlendt jord med mykje saltvatn.

Ei stund vart det vurdert å plassere sendaren på Moa ved Ålesund, men der var det planlagt flyplass.

Då var høge radiomaster ikkje bra. På Vigra kunne ein ikkje tenke seg at det ville kome flyplass.

Den nye kringkastaren dekte eit enormt havområde, mellom Skottland, Island og Svalbard, samt mesteparten av Norge.

Kutta Quisling-tale

Ved invasjonen av Norge den 9. april tok tyskarane raskt kontroll over alle dei større kringkastarane i Sør-Norge. Berre Vigra var fri.

Dei frie sendarane i Nord-Norge var ikkje store nok til ein gong å nå sørlege delar av landet.

I Ålesund og på Vigra var det personell og programverksemd som både kunne og ville opptre sjølvstendig, då riksprogrammet i Oslo vart overteken av tyskarane.

Det første teiknet på det var Vidkun Quisling si radiotale den 9. april, der NS-leiaren gjennom eit statskupp ber nordmenn innstille all motstand mot tyskarane.

Denne sendinga kopla Vigra-styrar Oscar Stinessen ut då den vart annonsert klokka 19.30.

Seinare på kvelden gjekk talen til Quisling overraskande i opptak frå Oslo, slik at den likevel kom ut over Vigra.

Beredskap for kontakt med London

Gjennom både 9. og 10. april, forsøkte man å kome i kontakt med regjeringa. Utan å lukkast.

I Ålesund og på Vigra venta dei kvart minutt på ein proklamasjon frå den norske regjeringa.

Men regjeringa lét ikkje høyre frå seg.

Om morgonen 11. april starta radioprogrammet opp igjen, med egne sendingar.

Den 12. april vart eit planlagt beredskaps-samband etablert til London.

Det vert raskt livlig trafikk døgnet rundt, med Vigra som sendestasjon og Ålesund kystradio som mottakarstasjon for hemmelege militære meldingar.

Det veksla mellom telegrafi og kringkastingsteneste.

Ålesund vart kommunikasjon-sentrum

Sjefen for Møre infanteriregiment tok Vigra-sendaren under militær kommando, og skyttarlag-frivillige sto vakt.

Kaare Fostervoll, rektor ved gymnasiet i Ålesund, oppretta eit nyheitskontor på Latinskulen, med lokale kontaktmenn rundt om i regionen.

På Fjellstua på Aksla kom det opp ein stasjon for avlytting av britisk, fransk og russisk kringkasting – med hjelp av lærarar og andre språkmektige frivillige.

NRK, NTB og Arbeiderpressa drog mot den frie «hovudstaden» på Møre.

Der vart «Statens informasjonskontor i Ålesund» oppretta frå 16. april til 1. mai, då kontoret måtte flykte vidare til Tromsø.



Ålesund: Tilreisande pressefolk som kom til Ålesund i april 1940, men sendaren vart bomba omtrent samtidig. Dei vart servert kaffe på Ålesund gymnas av rektor Fostervoll. Foto: Privat

Ålesund radio og Vigra kringkastar vert i nokre kritiske dagar Norge sitt viktigaste militære samband til England – og den einaste frie nasjonale informasjonskanalen i landet.

Ei regjering på flukt jobba intenst for å få kringkastinga til å fungere, med dei midla ein hadde tilgjengeleg.

Blant mange viktige spørsmål i ei kaotisk tid, som gullbeholdninga, handelsflåten og forholdet til dei allierte, var kringkastinga eit av dei viktigaste.

Det var avgjerande å få raskt ut sannferdig informasjon til folket, militæret, norske skip og til dei allierte.

Kongens nei over Vigra

Den 14. april lukkast det Vigra å få kontakt med regjeringa Nygaardsvold.

Dei sender ut erklæringa frå regjeringa, og kongens nei, der tyske krav om overgivelse vert avvist.

Dette styrkar kampmoralen enormt, både lokalt og elles i det store nedslagsfeltet til kringkastaren.

Det går ut beskjed til alle norske sjøfolk om å gå til engelske og franske hamner, og ikkje tyske.

Oppropa om norsk motstand mot tyskarane vert kringkasta på både norsk, engelsk, fransk og tysk.

Bombinga 15. april

Men tyskarane har ei svært god lytte- og peiletjeneste.

Sjølv om dei ikkje kan lese chiffer-trafikken som går ut over Vigra, tek det ikkje lang tid før dei har peila seg inn på mottakaren av telegramma, Wick radio i Skottland.

Tyske fly stryk stadig over stasjonsområdet på Vigra.

Den 13. april vert flya tekne under eld av ei forbi-passerende britisk flåteavdeling.

Frå bakken skyt dei frivillige skyttarane, utstyrt med armbind med «politi» på, etter dei mest nærgående flya med riflene sine.

Den 14. april er det grauttjukk tåke, og angrep frå tyske fly ikkje mogleg.

Då nyttar 150 menn dagen til å dekke til sendarbygget med sandsekkar så godt det let seg gjere.

Dagen etter har tåka letta.

Luftwaffe vert no for alvor sett inn for å øydelegge sendaren.



Bomba: Vigra kringkastar vart bomba av tyske fly den 15. april 1940. Foto: Privat

I 9-tida på morgonen kjem dei første flya. Ut over dagen kjem det stadig nye bølger av angrep.

70 tyske bomber vert slepte over kringkastaren. Flya skyt også med mitraljøser.

I 12-tida vert høgspenkabelen skada. Sendaren mistar krafta.

På bakken har dei gått i dekning.

Forsvarte seg med enkle rifler

Dei har lite våpen å stille opp med mot flyåtaka, ikkje ein gong mitraljøser.

Styrrar Stinessen skyt etter flya med ei Krag-Jørgensen-rifle. Tilbake får han ei tysk kule gjennom hattebremmen, og ei i leggen.

Frå Lepsøya har tre menn rodd over, for å sjå om dei kan vere til hjelp.

Blant dei er presten og læraren.

Dei kjem seg i land på Vigra, og sykklar vidare til kringkastaren på Synes. Der rekk dei fram like før det siste angrepet.

Dei spring i dekning i sendarbygget, som vert bomba til pinneved.

Dei vert lettare skada, men bergar utruleg nok livet.

Sandsekkane og bardunane frå dei to 106 meter høge mastene gir stasjonsbygninga noko vern mot flya.

I 15-tida kjem fulltreffaren, frå eit fly som flyr mellom mastene og under antenna.

Stasjonsbygninga vert totalt øydelagd.

Kringkastaren vert avbrote midt under ei nyheitssending som fortel at Molde bombes.

«Tyske fly bomber Molde. German planes are bom ...»



Tyskarane visste at det gjekk meldingar frå den frie norske regjeringa og militære styrker via Vigra og til Storbritannia. Det fekk det tyske flyvåpenet etter kvart sett ein stoppar for. Foto: Privat

Vil ta vare på historia

– Sendar-bygget på Vigra må takast vare på for ettertida. Dette er ein viktig del av vår felles historie, og kampen for ytringsfridom og demokrati, seier Jon Hildre.

71-åringen leiar venneforeininga som arbeider at for den nedlagde stasjonen får leve vidare.



Vil ha museum og dokumentasjonssenter: Jon Hildre, leiar i venneforeninga til Vigra kringkastar, vil bevare bygningene som museum og dokumentasjonssenter. Foto: Staale Wattø

Etter krigen, i 1948, vart Vigra kringkastar gjenopna med ein ny 100 kW-sendar.

Kong Haakon den 7. var til stades ved opningsseremonien og heldt tale, som vart overført direkte over heile landet.

I juni 2011 vart sendaren stoppa for godt.

Seinare same året fall også den over 240 meter høge masta, som hadde stått der sidan 1952.

Framleis spor etter flyåtaka

Jon Hildre er pensjonert teleingeniør og jobba sjølv på Vigra kringkastar i mange år.

Saman med Kjetil Synnes (71), også han frå venneforeninga, viser han Sunnmørsposten rundt i hovudbygninga.

Fleire mindre hus står igjen frå 1940 og endå lenger tilbake.



Vigra Kringkaster Hull etter en rikosjett etter bombingen og skytingene på en av bygningene til stasjonen på Synes på Vigra Foto: Privat

Enkelte av installasjonane har framleis kulehol og spor etter splintar, frå tyske og seinare britiske flyåtak under Andre verdskrig.



Historia: Nabo til stasjonen, Kjetil Synnes, har fulgt historia til stasjonen. Foto: Staale Wattø

Museum og dokumentasjonsenter?

Venneforeninga har arbeidd sidan 1995.

Dei har samla og tatt vare på dei eldste verneobjekta frå 1924 til 1952 på eit museumsområde.

I sendarbygget har dei samla utstyr og dokumentasjon for analog kringkasting (AM/FM/TV) frå heile Møre og Romsdal for tidsrommet 1948–2011.



Sendar: Jon Hildre (t.h.) og Kjetil Synnes ved sendaren. Kringkastaren på Vigra var gjennom mange tiår viktig for fiskeflåten, og for radiolyttarar generelt. Stasjonen er den einaste som har teke aktivt del i heile den analoge kringkastingshistoria (AM/FM/TV), der utstyret framleis står intakt. Foto: Staale Wattø

Norkring og Telemuseet har støtta prosjektet med ein halv million kroner. Desse er no historie som eigne selskap.

– **Vi har gjort det vi maktar.**

– **No er det Telenor, Riksantikvaren og rikspolitkarane som sit med hovudansvaret for å ta vare på denne nasjonale historia, seier Hildre, sjølv lokalpolitkar for Venstre i Giske kommune.**

Å rive bygga og rydde området vil koste om lag to millionar kroner.



Sendarbygget: Stasjonsbygninga på Synes på Vigra. Den vart reist av restane av det bomba sendarbygget. Her kom ein liten 1 kW på lufta i august 1940, som tyskarane brukte som ein primitiv propagandakanal resten av krigen. Foto: Staale Wattø

Å bevare bygg og utstyr, og skape eit dokumentasjons- og informasjonssenter for ytringsfridom og demokrati, vil koste om lag seks millionar.

Drifta vil koste om lag ein million i året, ifylgje venneforeininga.

Då tek ein vare på det 500 kvadratmeter store sendarbygget.

Og skuleklassar, turistar og andre kan i framtida besøke Vigra kringkastar og få vite meir om verdien av Det frie ordet.

Freda til 1. september

Fylkeskonservatoren har freda bygget midlertidig, fram til 1. september i år.



[Klage avvist – Vigra kringkaster får stå – – Vi ser for oss at det kjem eit museum her, eit senter for demokrati og ytringsfridom](#)

Ordførarane i Ålesund og Giske har saman tatt til orde for bevaring. Men det trengst nasjonale midlar.



Giske-ordførar: – No må vi handle raskt

No ligg saka hos Riksantikvaren, som skal gjere ei ny vurdering. Sist tok Riksantikvaren ikkje til orde for bevaring.



Nytt håp for Vigra Kringkaster: «Symbolsk plass for krigshistoria og utviklinga av Norge som fiskerinasjon»

Venneforeininga opplever at også den private grunneigaren vil ha bevaring, om dette vert gjort på skikkeleg vis.

Telekommunikasjon i ei korona-tid

– Radio var det første elektroniske massemedium. I dag har vi mobiltelefonar og internett. Vigra kringkaster viser kor viktig telekommunikasjon har vore for samfunnet, seier Hildre.

– Ikkje minst no under koronakrisa ser ein kva for velsigning dette er – for å dele viktig informasjon, undervisning og kontakt med slekt og venner.

Krisa som landet og resten av verda står i, vert av mange samanlikna med krig og åtaket på Norge den 9. april 1940.

– Det er viktig å bevare sendarbygget som teknisk kulturminne, og som eit historisk bevis på korleis massemedia vert brukt i kampen for fridom og fred – og ikkje det motsette, seier Hildre.

– Dette vil vere i samsvar med krigshelten Joachim Rønneberg sitt ynskje. Han var «Vigra lokal» si mest kjente radiostemme i 43 år. Det same meinte også Ragnar Ulstein, seier Hildre og Synnes.

– Fridom er ikkje ei gåve vi har fått for alltid. Den må vi kjempe for heile tida.



Tida renner ut for Vigra Kringkaster - 1. august rivast sendebygget

Kjelder: Venneforeninga for Vigra kringkastar/Harald Grytten, «NRK i krig 1940-45» av Hans Fredrik Dahl/Cappelen 1999, Kjetil Synnes/dagboknotat frå Margaret Reid.